



Helgheim er rusta opp for 1,3 millionar dei siste 7 åra, men det stoppar ikkje der. No skal det tradisjonsrike forsamlingshuset målast utvendig og det får to strøk, opplysar Rigmor Rasmussen. Det er LAN som har jobben. Dei to litauiske målarane har starta med veggen mot brua og etterat stillaset der kom opp kom også FESTIDALEN på plass.

Det same gjorde ei rekkje småskilt gjennom sentrum og no bør ingen som passerar Uskedalen vera i tvil om at noko skal skje her ganske snart.

Den einaste skiltinga som skil seg frå dei tradisjonelle svart/kvite er det trolske motivet til Gaute Haugland på Rød-løa.

Foto, tekst og nett. Ola Matti Mathisen